

Høyringsnotat – Meld. St. 25 (2020-2021), «Likeverdsreformen – Et samfunn med bruk for alle»


Unge funksjonshemmede leverer med dette våre innspel til Meld. St. 25 (2020-2021) Likeverdsreformen. Vi har i førebuingane til høyringa samarbeida med Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon, og viser til deira innspel om Prop. 100 L (2020-2021) Endringer i velferdstjenestelovgivningingen, som begge organisasjonane står bak. På same måte står FFO bak vårt innspel til Stortingsmelding 25 Likeverdsreformen.

Likestilling – ikkje likeverd

Unge funksjonshemmede meiner stortingsmeldinga tilfører lite nytt. Vi er skuffa over at meldinga hovudsakleg er ei oppramsing av pågåande eller allereie gjennomførte tiltak. Unge funksjonshemmede er særleg kritisk til at formålet til stortingsmeldinga er å sikre likeverd, og ikkje likestilling. For å kunne leve eit likeverdig liv, må ein vere likestilt og ha like moglegheiter til å delta i samfunnet. Det krevjer kraftfulle realpolitiske tiltak som fører til faktiske endringar. Sjølv om likestilling er ein av dei overordna verdiane som blir lagt til grunn innleiingsvis i stortingsmeldinga, opplever vi at dette ikkje blir følgt opp med konkrete og forpliktande tiltak for likestilling.

Ein av dei største utfordringane funksjonshemma og kronisk sjuke møter, er at dei ikkje får oppfylt sine rettigheter ute i kommunane. Det er stor forskjell mellom å ha rett og å få rett. Vi er difor glad for å sjå at det blir sett i gang tiltak for å auke kunnskapen om FN-konvensjonen om rettighetene til funksjonshemma (CRPD) i kommunane. Aukt kunnskap er likevel ikkje nok åleine. For at dei kommunale forskjellane skal ned, må CRPD inkorporerast i Menneskerettsloven, på same måte som barnekonvensjonen og kvinnekonvensjonen. Dette vil gi konvensjonen forrang over norsk lov, og vere ein viktig rettssikkerheitsgaranti for å innfri rettigheter ute i kommunane.

I tillegg meiner vi det trengs eit betre kunnskapsgrunnlag om kommunale forskjellar. Difor bør det gjennomførast ei systematisk kartlegging av omfanget og årsakene til



kommunale forskjellar i tilgang til rettigheter for funksjonshemma. Dette vil vere viktig kunnskap for vidare politikktutvikling. Det kan ikkje vere sånn at ein står i fare for å miste grunnleggande tenester berre fordi ein flytter til ein ny kommune.

Unge funksjonshemmede ber komiteen vedta følgande merknader:

- *Komiteen ber regjeringa om å innlemme CRPD i Menneskerettsloven.*
- *Komiteen ber regjeringa om å kartlegge omfang av kommunale forskjellar i oppfylging av rettigheter for personar med funksjonsnedsettingar, og årsakene til dette. Brukarorganisasjonane skal involverast tett i arbeidet.*


Saknar konkrete tiltak for ungdom

Unge funksjonshemmede er svært skuffa over at regjeringa har valt seg ei såpass snever målgruppe for stortingsmeldinga. Målet med reformen er i stor grad å gjere kvardagen enklare for familiar som har eller venter barn med funksjonsnedsettingar. Sjølv om dette er viktig, overser meldinga store deler av mangfaldet blant funksjonshemma og kronisk sjuke. Særleg gjeld dette ungdom og unge vaksne. Nesten 60% av unge funksjonshemma fortel at dei ikkje lever eit meningsfullt liv.¹ Dette heng mellom anna saman med dårleg tilrettelegging i studietida, diskriminering i møte med arbeidslivet, låge forventningar frå hjelpeapparatet, og manglande kompetanse på ungdomshelse. Desse temaene er dessverre fullstendig fråverande frå meldinga.

Vi hadde ønska oss ein reform med konkrete tiltak som bidrar til at ungdom og unge vaksne med funksjonsnedsettingar kan leve frie og sjølvstendige liv, og ikkje berre på barnefamiliane. Alle barn og unge er ein del av ein familie, men vil og bør kunne lausrive seg etterkvart som dei blir eldre. Vi håper komiteen vil støtte oss i dette.

Unge funksjonshemmede ber komiteen vedta følgande merknad: *Komiteen ber regjeringa om å foreslå tiltak for å sikre at ungdom og unge vaksne med funksjonsnedsettingar og kronisk sjukdom kan leve frie og sjølvstendige liv. Tiltakene bør dekke alle samfunnsområder, inkludert skule og høgare utdanning, ungdomshelse, arbeidsliv, og møtet med hjelpeapparatet. Brukarorganisasjonane skal involverast tett i arbeidet.*

¹ <https://www.ssb.no/helse/artikler-og-publikasjoner/unge-med-nedsatt-funksjonsevne-har-darligere-livskvalitet>



Med venleg helsing

Ingvild Østli

Ingvild Østli
Fungerande generalsekretær, Unge funksjonshemmede
ingvild@ungefunksjonshemmede.no
Telefon: 911 49 594

